



Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Dato: 28.02.2025

Vår ref: 25/00706-1

Deres ref:

Tilskot til diakonstillinger, kateketar og kyrkjemusikk i 2025

Stavanger bispedømmeråd gjev tilskot til diakon- og kateketstillinger til kyrkjelege fellesråd i Stavanger bispedømme. Tilskotet kjem frå staten si tildeling til Den norske kyrkja, via Kyrkjerådet.

I dette brevet finst informasjon og rammer for tildelinga som gjeld alle som tek imot tilskot.

I 2024 vil tilskota vera på:

- Kateket eller diakon som oppfyller kvalifikasjonskrava i tenesteordninga:
 - inntil kr. 870.000 for 100 % stilling.
- Kyrkjelydspedagog eller diakonimedarbeidar:
 - inntil kr. 700.000 for 100 % stilling.
- Ny diakonstilling frå 2019 eller 2020:
 - inntil kr. 435.000 for 50 % stilling.

Nivået på tilskotet framover er avhengig av at tildelinga frå Kyrkjerådet til dette føremålet blir vidareført slik ho har vore i lang tid.

Det er avtala kor stor del av kvar stilling bispedømmerådet skal dekkja. Nokre kateketstillinger har tilskot i 100 %. Elles ligg det fast at bispedømmerådet ikkje dekker meir enn halvparten av lønsutgiftene, inntil den prosenten som er avtala.

Stavanger bispedømmeråd utbetaler det samla tilskotet for 2025 til fellesråda så fort som mogleg etter fellesrådet har levert rekneskapsrapport for 2024. Viss fellesrådet ikkje har brukt heile tilskotet for eit år til løn til bispedømmerådet sin del av stillinga, blir dei pengane fellesrådet då sit igjen med trekt frå utbetalinga for det inneverande året.

Rekneskapen skal rapporterast på fastlagt skjema. Skjema for rapportering ligg nedst på [nettsida for tilskot](#). For dei fellesråda der ein mottok fleire typar tilskot skal det sendast inn ein rapport for kvar kategori (diakoni, kyrkjemusikk eller undervisning). Dette treng me for å ha oversikt i arkivet.

Bispedømmerådet bed om melding viss ein kyrkjelydspedagog eller diakoniarbeidar blir fullt kvalifisert. Dette utløyser høgre tilskot. Bispedømmerådet bed også om melding viss ein fullt kvalifisert kateket eller diakon sluttar og stillinga blir gitt til ein medarbeidar som ikkje er fullt kvalifisert etter tenesteordninga.

I 2019 og 2020 fekk fleire fellesråd tilskot til stillingar ut frå søknadar om ressursar til særlege satsingar. For desse stillingane vil bispedømmerådet ha melding om endringar viss

- stillinga blir flytta til eit anna sokn
- det skjer større endringar i kva stillinga arbeider med, samanlikna med kva fellesrådet fekk tildelt middel til

Viss fellesrådet ikkje lenger kan bidra med finansiering av sin del av stillinga, skal bispedømmerådet også ha melding. Tilskotet frå bispedømmet vil då bli redusert. Andre tilskot frå bispedømmet til det lokale arbeidet kan ikkje nyttast til å dekke fellesrådet sin del av løna.

Rekneskap for den tildelte summen for 2025 skal innrapporterast til bispedømmet så snart som mogleg i 2026, men seinast innan 15. mai 2026.

Tidleg rapportering medfører tidleg utbetaling.

Tilskot til kyrkjemusikalsk arbeid ved Stavanger domkyrkje blir på kr. 150.000.

Takk for samarbeidet om kyrkjeleg undervisning, kyrkjemusikk og diakoni i sokna i Stavanger bispedømme.

Merk: Ny tilskotsordning er under behandling og forventast vedtatt av Kyrkjerådet før sommaren 2025. Dette kan innebere endringar i våre krav til rapportering, men inntil vidare gjelder det overnemde.

Med vennlig hilsen

Jorunn Kraft Vistnes
stiftsdirektør

Anita Skretting
rådgjevar undervisning

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur.

Mottakere:

Eigersund kirkelige fellesråd
Hjelmeland kyrkjelege fellesråd
Hå kyrkjelege fellesråd
Klepp kyrkjelege fellesråd
Lund kirkelige fellesråd
Randaberg kirkelige fellesråd
Sandnes kirkelige fellesråd

Damsgårdsgaten 4A	4370 EGERSTUND
Prestagarden 5	4130 HJELMELAND
Ånestadvegen 12	4360 VARHAUG
	4358 Kleppe
Stasjonsveien 7	4460 MOI
Postboks 19	4096 RANDABERG
Lundegeilen 16	4323 SANDNES

Haugesund kirkelige fellesråd
Stavanger kirkelige fellesråd
Sola kirkelige fellesråd
Strand kyrkjelege fellesråd
Time kyrkjelege fellesråd
Tysvær kyrkjelege fellesråd
Karmøy kirkelig fellesråd

Postboks 612
Postboks 201
PB 82
Postboks 131
Postboks 373
Postboks 30
Postboks 167

5501 HAUGESUND
4001 STAVANGER
4097 SOLA
4124 TAU
4340 BRYNE
5575 AKSDAL
4291 Kopervik